



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 17/1002	Løpenr: 17/10074
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2017	039/2017

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

16.11.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Orientering/ informasjon:

Hordaland idrettskrets v/ Knut Songve orienterte om spelemidlar, utfordringar idrettslagar har og om samarbeid mellom kommune og idrettslag. Samnanger idrettslag v/ Tor Vilhem Tysseland, Åse Waage Tveit og Arild Røen orienterte om idrettslaget sitt arbeid og om dei ulike idrettsanlegga i kommunen.

Vararordførar/ Settevaraordførar:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) hadde meldt forfall til møte, og varaordførar Øyvind Røen (Sp) tredde inn som fungerande ordførar og møteleiar.

Fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) sette fra forslag om at Karl B. Kollbotn (Frp) vart settevaraordførar i møtet.

Kommunestyrerrepresentantane slutta seg samråystes til forslaget frå Røen og Karl Kollbotn (Frp) tok plass ved ordførarbordet.

E-post til kommunestyret:

Olaug Øystese (A) lurer på korleis administrasjonen handterer e-post som kjem inn til kommuneadministrasjonen der det vert bedt om at e-posten vert vidaresendt til kommunestyrerrepresentantane.

Fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) svarte på dette. Han fortalte at administrasjonen får mange slike e-postar og har orienterte om prosedyren rundt desse førespurnadane.

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) sette fram forslag om å endra på saklista. Han ville at sak 043/17 (Trafikksikringsplan 2017-2021) og sak 044/17 (Finansiering - VVA øvre Rolvsåg industriområde) skulle handsamast først i møte.

Samtlege kommunestyremedlemmar slutta seg til dette forslaget.

Utvalet sitt kvarter:

Vegnorm

Sture Tveit (H) hadde lest i Hordaland Folkeblad og på Kvam herad si heimeside at Kvam herad har, saman med 11 kommunar i Hordaland, vore med på å utarbeida ei vegnorm som skal sikra lik praksis knytt til bygging av nye vegar. Ei slik norm skal også setja vilkår knytt til overtaking av private vegar, nedklassifisering og overføring frå kommunal til privat veg.

Den nye vegnorma for Kvam er ute på høyring med høyringsfrist 29.desember 2017.

Representanten Tveit lurte på om Samnanger kommune har fått høve til å vera med i dette arbeidet.

Assisterande rådmann/ sektorleiar samfunn og utvikling Hilde Lill Våge fortalte at teknisk arbeidar med mange planar og bestillingar frå kommunestyret. I Januar skal eininga arbeida med Planstrategi. Det kan vera mogleg å ha med eit punkt om vegnorm i dette arbeidet.

Vedlikehald 1000 års plassen på Ytre Tysse

Gunnar Bruvik (Frp) etterlyste meir vedlikehald på Ytre Tysse. Spesielt vasking av murarar og planting i beda.

Assisterande rådmann og sektorleiar samfunn og utvikling Hilde Lill Våge fortalte om eining teknisk drift sine rutiner rundt dette vedlikehaldet.

I framtida er det naturleg å samarbeida med Frivillighetsentralen og velforreningsa i området.

Straumbrot på Ytre Tysse

Gunnar Bruvik (Frp) fortalte om hyppige straumbrot i det siste på Ytre Tysse. Spesielt når det bles austavind i området.

Representanten Bruvik lurte på om kommunen har noko form for dialog med BKK og kan fortelja kvifor dette skjer så ofte.

Assisterande rådmann og sektorleiar samfunn og utvikling Hilde Lill Våge fortalte at kommunen har kontakt med BKK jamnleg. Kommunen arbeider no med ROS analyse og her vert det diskutert både straumbrot og brot på mobilnettverk.

Tilsyn av bruar

Øyvind Strømmen (MDG) viste til VG sine oppslag om tilsyn av bruar i Norge. Det viser seg at det er manger bruar i Noreg som ikkje vert inspisert av Statens vegvesen etter lovverket. Han lurte på korleis ståa er i Samnanger kommune, og om dette også gjeld dei kommunale bruene i kommunen.

Assisterande rådmann og sektorleiar samfunn og utvikling Hilde Lill Våge fortalte at det fins to kommunale bruar i Samnanger kommune. Bruene ved Jarland og på Tysseland. Desse bruene vert inspisert nøye og bruha ved Tysseland er nyleg reparert. Det er lagt inn midlar til vedlikehald på bruha ved Jarland i budsjettforslaget 2018.

Måking av snø på kunstgrasbana i Hagabotnane

Lena Tveit (Bl) lurte på korleis snømåkinga på kunstgrasbana skal gjerast. Skal ein måka for hand, eller med maskin?

Assisterande rådmann og sektorleiar samfunn og utvikling Hilde Lill Våge fortalte at dette

spørsmålet må stillast frå idrettslaget v/ fotballgruppa til eining for teknisk drift. Partane må finna ei løysing på dette ilag.

Innspel til økonomiplanen frå eldrerådet

Solveig Vassenden (BI) ønskte at eldrerådet skal få høve til å komma med innspel til økonomiplanen.

Assisterande rådmann og sektorleiar samfunn og utvikling Hilde Lill Våge orienterte om at eit eventuell innspel frå eldrerådet vert teke med i budsjettsaka i desembermøte.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

KS- 039/2017 Vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvælet sitt kvarter.